







Referat

Møte:	Fellesmøte - kommunalsjefar og kommuneoverlegar
Tid:	20.04.18
Stad:	Knarvik, møterom Regionrådet
Til stades:	Ernst Horgen, Rolf M. Tande, Peter Kubon, Tord Moltumyr, Helge Kvam, Leni Dale, Olav Mongstad, Anita Pettersen, Terese Folgerø, Helga Ellingsen, Ingebjørg Søreide, Grete Herøy, Ove Sæbø, Heinz Diehl, Kristin Rud Myking(frå kl. 11) og Anne Hildegunn Færøy.
Møteleiar:	Helga Ellingsen
Referat:	Anne Hildegunn Færøy

Nr.	Sak	Vedlegg
1/18	<p>Orientering om mulig tilbod om ambulerande ØNH lege til Nordhordland. Magnus Hilland, Øre-Nese-Halsspesialist orienterte om Bergen Audio og deira tilbod om ambulerande høresentral. Innbyggjarar i Nordhordland som treng behandling/oppfølging frå hørselslege og/eller audiograf må i dag reise til Høresentralen på Haukeland sjukehus(HUS) eller Avtalespesialistpraksis m/audiograf i Bergen sentrum. Bergen Audio har mobilt utstyr og kan gje eit tilbod til innbyggjarane i NH i heimkommunen. Dette er eit privat tilbod, og kostnader vert dekkja av hhv kommunen(ved fast inst.plass) eller pasienten sjølv. PP som viser tilbodet er vedlagt. Gruppa takka for orienteringa og det var semje om at dette er eit tilbod som kommunane bør vurderer vidare. Det må m.a. vurderast opp mot kostnader kommunen har med å følgje pasientar til eit tilsvarande tilbod på HUS eller i Bergen og ulempa, og ulempa lang reiseveg har for pasientar med nedsett funksjonsnivå. Saka kan eventuelt følgjast opp gjennom Utval for helse og omsorg.</p>	 Bergen Audio.pptx
2/18	<p>Prehospital plan – Helse Bergen. (ref. e-post frå Terese Folgerø 5.mars) Terese Folgerø, kommunane sin representant i styringsgruppa gav ei kort orientering om status for arbeidet. Planutkast skal vere klart til handsaming i styret i Helse Bergen i juni 2018, og skal etter planen sendast på høyring hos partane i mai. Folgerø viser til at kommunane bør starte arbeidet med gjennomgang og gje innspel til planen. Terese Folgerø har utarbeidd eit forslag til endring i planens kap. 2.3 Samhandling og oppgåvedeling, der m.a. kommunen sitt ansvar for øyeblikkelig hjelp er tatt med, samt lagt til ei oversikt som viser organisering av legevakt i dei ulike kommunane i føretaksområdet. (vedlagt) Rolf Tande viser til at legevaktsjefen på Voss har sendt en førespurnad til Helsedirektoratet med spørsmål knytt til akutthjelparfunksjonen - om desse er definert som helsearbeidarar når dei blir kalla ut, om Pasientrettighetsloven gjeld for pasientar som Akutthjelpar behandlar og kven som står som ansvarleg for behandlinga som blir gitt. Helsedirektoratet har svara at dei er i ferd med å oppretta ei arbeidsgruppe som skal sjå nærmare på ulike spørsmål knytt til akutthjelparordninga, med representantar frå m.a. KS, helseføretaka, Politidirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap. Gruppa skal mellom anna sjå på dette med akutthjelparordninga. Når det gjeld innspel til planen så er det viktig at det blir gitt konkrete innspel til løysingar som er skissert i planen. Felles høyring er krevjande, men det kan vere nyttig at ein i fellesskap førebur eit høyringssvar, og at den enkelte kommune legg til eigne, meir konkrete innspel som er knytt til lokale utfordringar. Utfordringar som vart drøfta: – oppgåvedeling/-overføring skissert i planutkast (økonomi og juridiske spørsmål) – grad av reell medverknad i planarbeidet. – bruk av akutthjelpar - er dette eit ansvar for kommunane, eller er det helseføretaket som bør ta rekninga og ansvaret? – faglege spørsmål når det gjeld innhald i tilbodet</p>	 Prehospital plan 180411.docx  Prehospital plan 180411 - vedlegg 1.docx  Kapittel 2.3 Samhandling mm forsl

	<p>KONKLUSJON:</p> <ul style="list-style-type: none"> – Setja ned ei hurtigarbeidande gruppe i NH som ser på og problematiserer ulike element i ei ordning der akutthjelpar i kommunen, ofte organisert i brannvernet - er den som rykker ut til ulykker . Vurdere/drøfte om andre faggrupper bør/kan ivareta denne oppgåva. Kontakte KS og melde inn at nokon frå NH kommunar ønskjer å delta i arbeidsgruppa som HelseDirektoratet har meldt skal setjast ned. (Anita Pettersen og Terese Folgerø) – Kommunane utarbeide egne innspel til Prehospital plan - der kvar av kommunane konkretiserer egne innspel frå sine kommunar. Etter det kan det vurderas om det er felles element som er samanfallande. – Saka bør presenteras og drøftas i Utval for helse og omsorg(Helseutvalet) sitt møte 4.mai. Gruppa ber utvalet vurdere om det skal utarbeidas ein felles uttale frå kommunane i Nordhordland. 	
3/18	<p>Legemiddelberedskap Tord Moltumyr sitter som kommunal representant i Nasjonal legemiddelberedskaps-komité og viste til problem/utfordringar knytt til legemiddelmangel;</p> <ul style="list-style-type: none"> – ulike utfordringar når det gjeld legemiddelberedskap - risiko og kva som er ansett som risiko og trusselbildet. – mangel på råvarer – få produsentar av spes. legemidlar - monopolisering. <p>Referat frå møte i komiteen med mandat og ansvarskart ifht Nasjonal legemiddelberedskap var sendt til gruppa 19.03.2018</p> <p>Kommunale Jod-lager Helga Ellingsen stilte spørsmål om status når det gjeld kommunane sine Jod-lager.</p> <ul style="list-style-type: none"> – Utfordring at Jod må takast innan 4 timar. Dette er ei utfordring ifht lagring og distribusjon – Kommunane har ulike løysingar når det gjeld oppbevaring og korleis Jod skal delaast ut dersom behov oppstår. – Nokre kommunar har bestilt Jod og har plan for oppbevaring og distribusjon, medan andre er i planleggingsfasen. 	
4/18	<p>Kommunalt føde-/barseltilbod og status for revisjon av Tenesteavtale 8 og Rutinar for samhandling innan svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga. Olav Mongstad, kommunane i NH sin representant i arbeidsgruppa for revisjon av avtale 8 orienterte om status for arbeidet. Kommunane held fast på at dersom oppgåva med å følgje opp mor og barn dei første fem døger etter fødsel vert lagt til kommunen må det følgje midlar med ei slik oppgaveoverføring. Dette punktet i rutinane er det usemje om og Helse Bergen held fast ved at dette punktet skal endrast. Det er uvisst om Helse Bergen kjem til å sei opp Tenesteavtale 8.</p> <p>Korleis rigga eit framtidig tilbod til mor og barn i NH kommunar? Mongstad viser til at han trur at endringar vil komma og at kommunane må rigga seg for å følgja opp mor og barn etter fødsel - tidlegare enn det dei gjer no og at ein bør vurdere om dette er noko som kommunane bør utvikla i samarbeid. Han viste til at det er tatt eit initiativ til å drøfta dette med jordmødrene og helsesøstret i regionen. Meland har utvikla ei tenester der helsesøstret og jordmor reiser heim til mor og barn etter heimkomst. Dette er eit tilbod som ein får gode tilbakemeldingar på. Det er søkt om og fått eksterne midlar til dette. Tilbodet er rigga utifrå eit behov - ikkje som ei oppgaveoverføring frå helseføretak.</p>	
5/18	<p>Evaluering av Nordhordland ØHD - referansegruppe for forprosjektet. Terese Folgerø viste til at det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på/evaluere ØHD - tilbodet, og presenterte ei oversikt som viste oppgåver og spørsmål som gruppa har identifisert og som skal vurderast.</p> <p>Dette fellesmøte har status som referansegruppe i prosjektet.</p> <p>Konklusjon: Terese Folgerøs ønskjer innspel til lista med spørsmål som gruppa har utarbeidd og vil senda den til gruppa innan kort tid.</p>	 
6/18	<p>Drøfting og innspel til saker – møte i Samarbeidsutvalet 14.mai.</p>	

	Kort gjennomgang av sakene. Gruppa hadde ingen merknader eller innspel til dette.	
7/18	<p><u>Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027.</u></p> <p>Anne Hildegunn Færøy gav ei kort orientering om at Hordaland fylkeskommune er utvald av Helsedirektoratet til å bli med i eit folkehelseprosjekt retta mot barn og unge, og har fått tilskot til å bli programfylke for Folkehelseprogrammet 2017 - 2027. Fylkeskommunen har mottatt 36 mill som skal fordelast på kommunen dei neste 6 åra. Det er lagt opp til ei stegvis tildeling og opptak i programmet. Meir informasjon om tilskotsordninga er sendt til postmottak i kommunane. Det er uvisst om nokon av kommunane i NH kjem til å søkja i 2018.</p>	
8/18	<p>Eventuelt</p> <p>Syning av lik</p> <p>Lovendring i 2017 sett krav til at døde skal vere sett av lege på staden. Sjå e-post sendt frå Tord Moltumyr 20.04.2018. Dette inneber at kommunen har ansvar for at allmennlegetenesta og legevakttenesta må ha kapasitet til å vurdera den døde før dødsmeldinga vert fylt ut. Dette er ei utfordring i mange kommunar - særleg der det er større legevakter. Korleis løys dette i helg og høgtid? Det var vist til at det er laga ei prosedyre legevakta, men at denne er utarbeidd med utgangspunkt i tidlegare lovverk. Prosedyren må oppdaterast til å stetta krav i lovendringa.</p>	